



Dei første gutane som skal bu på Stølen, kjem torsdag og fredag.

**No er planleggingstida for bufelleskapet for unge flyktingar på Stølen over. I morgon, torsdag, kjem den første guten som skal bu der. Fredag er nummer to på plass, og i løpet av august håpar dei at alle dei 5 gutane som skal bu der, er komne. Alle gutane er i ungdomsskulealder, og dei kjem frå Afghanistan og Syria.**

Vigdis Gammelsæther som er fagkoordinator for bufelleskapa i kommunen, fortel at dei to gutane som kjem no er aktive, positive og sosiale. Dei gleder seg veldig til å koma til Uskedalen. Dei kjem frå omsorgsenter på Vestlandet, har budd om lag eit år i Norge og er allereie ganske flinke i norsk.

Ho fortel at det same også gjeld dei 3 gutane som alt er på plass i bufelleskapet på Valen, og det har vore lite behov for tolketeneste.

- Det er ikkje berre gutane som gleder seg. Dei tilsette ser også fram til å koma i gang, og vi håpar at vi får fylt opp slik at det er 4 gutar på Valen og 5 gutar på Stølen innan august, fortel Gammelsæther, og legg til at det skal koma eit tredje bufelleskap i løpet av hausten.

Vigdis Gammelsæther seier at dei er blitt svært godt mottekne i Uskedalen og har fått mange positive kontaktar. Det har dei også på Valen. Etter at gutane kom der, har dei fått god dialog med naboar som kan tenkja seg å vera verje for gutane. Ho håpar noko liknande kan skje her, og at interesserte tar kontakt.

I utgangspunktet tilbyr kommunen gutane skulegang i innføringsklasse på Husnes, men i og med at dei kan såpass mykje norsk vil det verta teke ei individuell vurdering. Dermed kan nokre av dei verta elevar på primærskulen sin, og for gutane på Stølen er det Rosendal ungdomsskule.

- Gutane ser fram til å verta kjent med andre, og koma i gang med aktivitetar. Begge gutane som kjem denne veka, er fotballinteresserte, og det er alt avklara at den eine av dei skal på fotballtrening alt komande veke, fortel Vigdis Gammelsæther som håpar og trur dei skal få ei aktiv og god fritid i Uskedalen.

- Både omgivelsane og folka er positive. Vi har i alle fall fått positive kontaktar, avsluttar Gammelsæther som oppfordrar alle som har spørsmål eller ønskjer å bidra om å stikka innom på Stølen. Fagkoordinatoren har også

flytta kontoret sitt dit.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

-